

**Handlingsplan Hjelmeland Frivilligsentral:** Visjon: Bidra med det du kan!

Handlingsplanen er laga med bakgrunn i [Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler](#), [vedtekter for frivilligsentralen](#) og [kommuneplan for Hjelmeland kommune](#) og [frivilligstrategi](#).

**Formål jfr lokale vedtekter** Frivilligsentralen skal vere ein møteplass som er open for alle med lyst til å vere med på frivillig verksemd. Sentralen skal vere eit kraftsenter og kontaktpunkt for menneske, foreningar/ lag og det offentlege.

### **Målsetting jfr lokale vedtekter**

Frivilligsentralen i Hjelmeland skal stimulera til auka aktivitet i heile kommunen. Sentralen skal stimulera einskildpersonar og grupper til å bruka seg sjølv i frivillige nærmiljøtenester:

- Vera ein pådrivar og leggja til rette for nye frivillige tiltak som det er behov for.
- Synleggjera eksisterande frivillig arbeid ovafor offentleg sektor og næringslivet.
- Vera ein ressursentral for frivillig arbeid i Hjelmeland.
- Utvikla gode samarbeidsmodellar mellom profesjonelle og frivillige.
- Bidra til å auka samarbeid mellom ulike frivillige organisasjonar og grupper.
- Vera ein pådrivar for leiarutvikling/ leiarutvikling i frivillig arbeid.

### **Satsingsområde jfr kommuneplanen for Hjelmeland:**

Jobb og attraktivitet. Me skal legge til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplasser og attraktive lokalsamfunn.

### **Mål:**

**Vidareutvikle «trekantsamarbeidet» offentleg, privat og frivillig sektor. Dette for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet**

- Følgje opp kommunen sin [frivilligstrategi](#)
- Årleg kontaktforum for frivillige organisasjonar i januar og frivilligtorg kvart tredje år.
- Me vil bidra til å synleggjera den aktiviteten som finst med bl.a. fellesbrosjyre kvart halvår.
- Samarbeid med frivillig sektor for vidare utvikling av attraktive nærmiljø.
- Rådgeving til frivillige lag som vil [søkje om eksterne tilskot](#), søknadskveld ein gong pr år.
- Arrangere årssamling i februar og inspirasjonssamling for frivillige i desember.
- Arrangere ein fellestur gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar.
- Koordinere [strandryddeaksjon](#) i samarbeid med frivillige lag og enkeltpersonar.
- Koordinere NRK TV aksjonen i oktober i samarbeid med komité og bygdaråda.
- Arrangere [frivilligbørs](#) kvart tredje år, første gang i løpet av 2026.
- Dagleg leiar er kontaktperson i høve til samarbeidsavtale med butikkane i dei små bygdane.

**Me vil bidra til å skapa gode nabolag, attraktive bygder med fokus på inkludering og mangfald, samt aktivt sentrumsområde. Folk skal kunne bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg. Gode møteplassar ute og inne er og nødvendig for å skapa attraktive og inkluderande lokalsamfunn.**

- Vere samarbeidspartnar i det tverrfaglege folkehelsearbeidet.
- Inneha lokal knutepunktfunksjon for [nasjonal tilskotsordning for inkludering av barn og unge](#)
- Aktiveringstiltak for barn og ungdom spesielt i skuleferiane, i samarbeid med frivillige lag.
- Vidareutvikle [Fritidskasse for Hjelmeland](#) som eit verktøy for å inkludere fleire barn og unge
- Informasjonsarbeid og tilrettelegging slik at fleire kan delta på fritidsaktivitetar og dugnadar.
- Legge til rette for [frilager.no](#) slik at fleire bruker denne utlånsentralen.
- Samarbeid med [Trygg Trafikk](#), informasjon og forebygging. Markere refleksdagen.
- Vere med å leggje til rette for fellesskap og meistring i alle aldersgrupper til dømes generasjonsleiker.